



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/288 - 18/6087

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
26.02.2018

## Oversending av søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad til uttale - gbnr 179/12 Leivestad nordre

Tiltak: Oppføring av fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 179/12 Vassbygdvegen 857  
Tiltakshavar: Kurt Arne Leivestad  
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

### Tiltak og planstatus

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealbruken i kommuneplan 2011 – 2023 og frå byggeforbodet langs vassdrag i føresegnene til kommuneplanen pkt. 5.5 (byggegrense 50 meter). Arealbruken på land er LNFR med omsynssone friluftsliv.

### Tidlegare vedtak

Lindås kommune ved Plan- og miljøutvalet gav i 2013 dispensasjon for riving av eit uthus og utviding og ombygging av hytte, slik at total BYA på eigedommen vart auka med 7 m<sup>2</sup> til totalt 103 m<sup>2</sup>. Løyve til tiltak vart vedteke av administrasjonen.

Under arbeid med ombygging/utviding av hytta, vart det som stod att av den gamle hytta så skada i ein vinterstorm, at tiltakshavar såg seg nøydd til å riva det. Ny hytte vart bygd med om lag same plassering og identisk utforming som i søknaden. Eksakt endring er ikkje vist, men det er omtala i dokumentet «blankett 5168» .


### Ny søknad

motteken 23.01.2018 er det søkt om endring av tidlegare gitt løyve. I praksis er det ein ny søknad om å få godkjent riving og nybygg for bygningen slik han står i dag. I vedlegget «opplysninger» ligg dispensasjonssøknaden frå 2012 som side 3.


Utsnitt av kommuneplanen



Situasjonsplan



Oversikt







Skur

uthus

hytte

Etter ei førebels vurdering av saka er Lindås kommune positiv til dispensasjonssøknaden.

Her er lenke til saka med tilgang til alle (offentlege) dokument i Lindås Kommune sitt e-innsyn:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2018000288&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018000288&)

**Til uttale**

Før kommunen handsamar dispensasjonsøknaden, vert saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland til uttale.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om endring av gitt løyve for - gbnr 179/12 Leivestad nordre  
Blanket 5168  
Hytte Leivestad, Koordinater\_1  
Opplysninger  
Godkjent dispensasjon –2013- riving av uthus og tilbygg

**Kopi til:**

Kurt Arne Leivestad  
Seim Bygg AS

Gamle Steinstøvegen 54  
Nesbrekka 28

5108 HORDVIK  
5912 SEIM

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

Bergen